



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Berekraftsdag og biblioteksjefmøte 2025

24.–25. september 2025, Quality hotel Waterfront Ålesund

Vi ønsker velkommen til berekraftsdag for alle bibliotektilsette og biblioteksjefmøte 2025 i Ålesund. Målet med dagane er å lære meir om korleis arbeide med berekraft i bibliotek, og styrke leiing, fagleg utvikling, samarbeid og innovasjon lokalt og regionalt i biblioteka.

Vi ser fram til desse dagane saman med dykk.

[Meld deg på!](#) Frist er 9. september.



Berekraftsdag onsdag 24. september

Siri Vikse, biblioteksjef i Haugesund og Berit Skillingsaas Nygård, tidlegare biblioteksjef i Trondheim, no leiar for bærekraftsutvalget i Norsk bibliotekforening vil leie oss gjennom dagen med ein innleiing om kva berekraft er, for deretter å presentere dei tre ulike delane av prosjektet «Det skal være lett å bygge bærekraftige bibliotek». Etter lunsj blir det workshop med mykje delaking, øvingar og gøy.

Tid	Program/foredragshaldar
10.00	Registrering
10.30	Kva er berekraft?
11.00	Presentasjon av prosjektet «Det skal være lett å bygge bærekraftige bibliotek»
11.30	Lunsj og mingling
12.45	Workshop
16.00	Takk for i dag

Middag onsdag 24. september

For overnattande deltakarar og biblioteksjefar blir det servert middag i restauranten til Quality hotel Waterfront kl. 19.00

Biblioteksjefmøte torsdag 25. september

Biblioteka har ei sentral rolle i å styrke demokratiet og ytringsfridomen i samfunnet. Dei er ein lågterskel møteplass som speglar lokalsamfunnet sitt mangfald og engasjement. For at biblioteka skal kunne utfylle denne funksjonen, er det avgjerande med tydeleg leiarskap, fagleg utvikling, samarbeid og innovasjon.

Tid	Program/foredragshaldar
09.00	Velkomen ved fylkesbiblioteksjef Mona Iren Auganæs
09.10	Les Vegas, baby ved Nils Christian Petterson, Ålesund bibliotek
09.30	Innlegg frå bibliotekfeltet i fylket
10.15	Pause
10.30	«Maskiner som lesar og skriver: hva gjør kunstig intelligens med vår evne til å tenke selvstendig? Ved Petter Bae Brandtzæg, SINTEF Digital/UiO
11.15	Innlegg frå bibliotekfeltet i fylket
11.30	Lunsj
12.30	Forfattar Sigbjørn Mostue om ytringsfridom
13.00	Dilemmatrening
14.00	Pause
14.15	Kva nytt skjer i fylkeskommunen, egentleg? Med oppsummering av dagen ved fylkesbiblioteksjef Mona Iren Auganæs
15.00	Takk for i dag og vel heim!